



Møteprotokoll

Sjernarøy sokneråd

Møtedato: 12.03.2024 kl. 19:00

Møtestad: Innbyggartorget

Arkivsak: 23/05399

Til stades: Kari Hidle, Håkon Arne Eide, Ragnhild Frøyland, Sissel Haavik
Vadla, Else Norheim

Frammøtte Anne Skogen
varamedlemer:

Forfall: Benny Tysdal Helgeland, Grete Hiim, Ola Aasland Vold

Andre: Ingvild
Angelskår Moen

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
12/24	Godkjenning av innkalling og saksliste	2
Godkjenning av protokoll		
13/24	Godkjenning av referat frå forrige møte.	2
Saker til behandling		
14/24	Godkjenning av årsmelding for kyrkjelydane 2023	3
15/24	Godkjenning av offerliste for hausten 2024	4
16/24	Konfirmantjubileum 2024	4
17/24	Jubileumsmarkering med kyrkjebåten i 2024	5
18/24	Praktisk rundt kyrkjekaffi	6
Orienteringssaker		
19/24	Orienteringssaker.	7
Eventuelt		

Sted 16.07.2024

Kari Hidle
Leiar

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

12/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	12/24

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlem om lag ei veke før møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

13/24 Godkjenning av referat frå forrige møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	13/24

Saksorientering

Referatet frå forrige møte blei sendt ut til frammøtte i etterkant av møte. Evt endringar er teke med i det endelege referatet som ligg ved.

Forslag til vedtak

Referatet frå forrige møte vert endeleg godkjent.

Vedtak

Referatet frå forrige møte vert endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

14/24 Godkjenning av årsmelding for kyrkjelydane 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	14/24

Saksorientering

Vedlagt ligg årsmeldinga for kyrkjelydane i Finnøy 2023

Forslag til vedtak

Årsmeldinga for kyrkjelydane i Finnøy 2023 vert godkjent. Denne vil bli lagt ut på heimesida og framlagt til årsmøte i Jørstad kyrkje 26. mai- 2024.

Vedtak

Årsmeldinga for kyrkjelyden vert godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

15/24 Godkjenning av offerliste for hausten 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	15/24

Saksorientering

Vedlagt er gudstenesteliste for 2024 med forslag til offerformål. Det er teke omsyn til misjonsprosjekt, kyrkjelydsarbeid, samt sedvane frå tidlegare år med Kirkens nødhjelp på julafta. Kirkens SOS har bede om to ofringar pr år pga medlemsskap. Dette er ivareteke i løpet av våren med eit offer frå Jørstad - og eit frå Sjernarøy kyrkjelyd.

Forslag til vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

16/24 Konfirmantjubiläum 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	16/24

Saksorientering

Det har vore vanleg å arrangere konfirmantjubiläum i Sjernarøy kyrkje annankvart år. For to år sidan i 2022 blei treffet avlyst pga for få påmeldte. Me har ei liste med konfirmantar frå Jørstad og Sjernarøy på 20 konfirmantar, desse vart konfirmerte i 1974 og 1975. Lista vert framlagt i soknerådsmøte. Skal me arrangere ei samling i Sjernarøy kyrkje i august 25. aug. eller skal me utsetje til 2026 og ha med dei frå 1974 – 1975 og 1976? Saka drøftast i møte.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek å arrangere evt utsette konfirmantjubiläum.

Møtebehandling

Saka vart drøfta i møte.

Vedtak

Me vurderer å utsetje jubileumsmarkering til 2026 og då slå saman dei som vart konfirmert 1974, 1975 og 1976. Tek saka opp igjen endeleg i maimøtet.

[Lagre vedtak]

17/24 Jubileumsmarkering med kyrkjebåten i 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	17/24

Saksorientering

Kyrkjebåten, ein robåt med segl og plass til 2 personar er i våre sokn 12. – 26. mai. Me har fått avtale med Rennesøy sokn om at me kan overta båten tidlegare og at denne båten kan vere i Sjernarøyane 9. mai som er Kristi himmelfartsdag. Er det idear til kva me kan gjere ut av dette? Soknerådet sa i forrige møte at dei ville ha eit emblem med omriss av øyane i Sjernarøyane, samt Bandåsen. Håkon Eide skulle snakke med Tomas Bjerga om dette, kva er framdirfta her? Me informerer om plan i gudstenestene før, samt i Øyposten og på nettsidene.

Forslag til vedtak

Dei frammøtte lagar ein plan for bruk av båten i møte.

Vedtak

Gudsteneste Kristi himmelfartsdag kl 12 i Sjernarøy kyrkje (9. mai) blir båten med til kyrkja og det blir laga til kyrkjekaffi med foredrag av Håkon A Eide. arrangement rundt dette.

Håkon tek ansvar for å trykke emblemet på seglet (omrisse av øyane i Sjernarøy, samt Ombo m/Bandåsen)

[Lagre vedtak]

18/24 Praktisk rundt kyrkjekaffi

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	18/24

Saksorientering

Det er ønskeleg med kyrkjekaffi etter gudstenestene Skjærtorsdag, Kristi himmelfartsdag og roturgudstenesten i Sjernarøy kyrkje. Det er også vanleg med kyrkjekaffi i samband med hausttakkefesten. Er det mogleg å få til kyrkjekaffi i Jørstad kyrkje til enkelte gudstenester?

Forslag til vedtak

Ansaret for å lage kaffimat og kaffi evt skaffe nokon til å gjere det vert bestemt i møte.

Vedtak

Kyrkjekaffi Skjærtorsdag kl 12 v/Anne

Samtalegudsteneste 14. april kl 11 v/Grete? /Marianne? I lag med Kari.

Kristi himmelfartsdag kl 12 v/Ragnhild og Sissel

Roturgudstenesten 16. juni kl 1630 v/Anne og og 16. juni
(roturgudstenesten).

Prøver å organisere kyrkjekaffi i Jørstad krk 17. mars. Der må det og vere kaffi og kaffimat til årsmøte 26. mai.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

19/24 Orienteringssaker.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	12.03.2024	19/24

Saksorientering

Sakene ligg ved til gjennomlesing evt at noko blir informert om munnleg i møte.

Forslag til vedtak

Sakene er teke til orientering.

Møtebehandling

Konsert i Sjernarøy kyrkje palmesøndag 24. mars kl 1830 v/ Mari Hauge og Tore Bols – utsett pga sjukdom

Oppslagstavla ved Sjernarøy kyrkje treng vedlikehald. Jørstad kyrkje har ikkje, men kjekt med ei ny. Heidi følger dette opp med vaktmester Bjarte. Forslag til ny evt med royalimpregnerte material. Evt reparere den gamle, men trur det beste er ei ny. Evt kan oppslagstavler kjøpast av Håkon.

HØP og oppfølging – sjå vedlagte skriv – Håkon vil gjerne ved med på befaringsv/Sjernarøy kyrkje

Info frå bispedømet

Fasteaksjonen – ved Joker Ombo fredag 15. mars kl 15 – 17, ved Joker Helgøysund og Joker Eriksholmen mandag 18. mars kl 15 – 17 og folk på Nord Hidle får besøk på døra.

Referat frå Stavanger krk fellesråd.

Diverse søknader: Obs! Glasmåleriet, samt meir støtte til Jubileumsmarkering 2025 – søke kommunedelsutvalet om det siste og evt bruke av egne oppsparte midler. – Heidi følger opp.

Neste møte er utsett til onsdag 22. mai kl 19 – 21 Det blir i Sjernarøy kyrkje NB!
Ny møtedato

Vedtak

Sakene er teke til orientering.

[Lagre vedtak]

Fokus diakoni – Ingvild A Moen er med i møtet, viser bilete frå arbeidet, snakkar om stillinga si og opnar for spørsmål. Viste og ein film som ho har laga saman med medstudentar.

Eventuelt